

KOMMISJONSVEDTAK

2002/EØS/31/22

av 18. april 2000

om oppheving av vernetiltaka mot dioksinureining av visse produkt av svin og fjørfe som skal nyttast til konsum eller som fôr(*)*[meldt under nummeret K(2000) 1034]*

(2000/301/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 89/662/EØF av 11. desember 1989 om veterinærkontroll ved handel innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked⁽¹⁾, sist endra ved direktiv 92/118/EØF⁽²⁾, særleg artikkel 9 nr. 4,

med tilvising til rådsdirektiv 90/425/EØF av 26. juni 1990 om veterinærkontroll og avlskontroll ved handel med visse levende dyr og produkter innenfor Fellesskapet med sikte på gjennomføring av det indre marked⁽³⁾, sist endra ved direktiv 92/118/EØF, særleg artikkel 10 nr. 4, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Restriksjonane som er fastsette ved kommisjonsvedtak 1999/788/EF av 3. desember 1999 om vernetiltak mot visse dioksinforurensede svine- og fjørfeprodukter beregnet på konsum eller fôr⁽⁴⁾, endra ved vedtak 2000/150/EF⁽⁵⁾, gjeld ikkje for produkt som er vortne analyserte og funne å vere frie for dioksinureining, eller som er vortne framstilte av dyr som er slakta etter 20. september 1999.
- 2) Dei belgiske styresmaktene har gjeve Kommisjonen melding om at identifiseringa og granskingane av alle lager med produkt framstilte av svin og fjørfe som vart slakta før 20. september 1999, er fullførde. Alle produkt som etter granskingane vart funne å vere ureina, er vortne underlagde restriksjonar og er i ferd med å verte destruerte.
- 3) I lys av det som er nemnt ovanfor, er det føremålstenleg å oppheve vernetiltaka med omsyn til svinekjøt, fjørfekjøt og produkt som er framstilte av dette. Vedtak 1999/788/EF bør difor opphevast.
- 4) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste veterinærutvalet —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Vedtak 1999/788/EF vert oppheva.

Artikkel 2

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfjerda i Brussel, 18. april 2000.

For Kommisjonen
David BYRNE
Medlem av Kommisjonen

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 97 av 19.4.2000, s. 16, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 131/2001 av 23. november 2001 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til De Europeiske Fellesskaps Tidende nr. 6 av 24.1.2002, s. 12.

⁽¹⁾ TEF L 395 av 30.12.1989, s. 13.

⁽²⁾ TEF L 62 av 15.3.1993, s. 49.

⁽³⁾ TEF L 224 av 18.8.1990, s. 29.

⁽⁴⁾ TEF L 310 av 4.12.1999, s. 62.

⁽⁵⁾ TEF L 50 av 23.2.2000, s. 25.